

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/5918-3

22. januar 2018

Høyring - alternative tiltak for å auke fisket etter reker med trål i Barentshavet

Departementet sender med dette på høyring alternative tiltak for å auke fisket etter reker med trål i Barentshavet.

Høyringsfristen er 27. april 2018.

Les og svar på høyringa her: www.regjeringen.no/id2586927

Høyringar er opne, og alle kan sende innspel til oss. Vi ber om at de sender høyringssvar digitalt ved å nytte skjemaet for høyringssvar på www.regjeringen.no.

Bakgrunn

Departementet har over lang tid hatt ei målsetting om å auke fisket etter reker i Barentshavet, mellom anna for å sikre råstoff til nordnorsk rekeindustri. Det er biologisk forsvarleg med ein monaleg auke i aktiviteten i dette fisket.

Hovudårsaka til den låge aktiviteten synest å vere manglande lønsemd, og dette er det ikkje så enkelt for styresmaktene å gjere noko med. Tilkomst til ressursane og bunkerskostnadar er monalege utfordringar, og alternative fiskeri med større lønsemd, som til dømes torsketrål, vert meir attraktive.

Departementet har sidan 2013 sett i verk ei rekkje ulike tiltak for å leggje til rette for meir fiske etter reker i Barentshavet. Tiltaka synest likevel ikkje å ha hatt særleg effekt på ressursuttaket. Blant tiltaka som har vore sett i verk nemner vi:

- Utlysing av tre nye reketråløyve
- Tilbaketrekking av alle passive løyve
- Unntak frå kravet om kondemnering i strukturkvoteordninga dersom fartøyet berre vert nytta til reketrålning
- Unntak frå kravet om driftsgrunnlag ved splitting
- Opning for at pelagiske trålarar og ringnotfartøy kan tildelast reketråløyve utan omsyn til gjeldande lasteromsavgrensing.

Gjeldande regelverk

Rekefisket i Barentshavet er i dag ikkje regulert med fartøykvotar, men det er eit krav om reketråløyve for å delta med fartøy over 19,81 meter. I praksis inneber dette at alle havgåande rekefartøy treng reketråløyve, mens det kystnære rekefisket i nord er ope for fartøy under denne lengdegrensa. Det er pr. 28. november 2017 48 fartøy med reketråløyve.

Aktørar som måtte ynskje å starte med rekefiske i Barentshavet treng eit reketråløyve. Slikt løyve krev at tilsvarande løyve vert oppgjeve frå eit anna fartøy, og tildeling vil derfor innebere ein økonomisk kostnad for reiarlaget som vil starte opp, jf. deltakarlova § 17 og løyveforskrifta (*konsesjonsforskriften* på bokmål) § 1-3.

Gjeldande reglar om tilbaketrekking av reketråløyve ved liten aktivitet

Deltakarlova opnar for tilbaketrekking av passive reketråløyve, jf. deltakarlova § 11 andre ledd bokstav a og løyveforskrifta § 9-1. Det er ein føresetnad at fartøyet ikkje har vore nytta til ervervsmessig reketrålning i løpet av inneverande kalenderår og dei to førre åra.

Fiskeridirektoratet gjekk i 2015 gjennom alle tildelte reketråløyve med sikte på å trekkje tilbake dei som hadde vore passive i den aktuelle perioden. Alle reiarlaga fekk rommeleg med tid til å aktivere løyva, og det enda med at berre tre løyve vart trekte tilbake.

Forvaltninga har i utgangspunktet ikkje heimel til å krevje at fartøya fiskar eit visst kvantum med mindre ein eksplisitt stiller eit slikt krav ved nytildeling, overføring av løyve til anna fartøy eller sal av fartøy for fortsett drift. Ein har i liten grad stilt slike krav fordi ein ikkje har ynskt å tvinge reiarlaga til ulønsam drift. Det einaste eksplisitte kvantumskravet som gjeld i dag, følgjer av løyveforskrifta § 9-1 for ringnotfartøy og pelagiske trålarar som har unntak frå lasteromsavgrensninga for reketrålalar.

Vurdering av alternative tiltak

Hovudutfordringa for rekefisket i Barentshavet er manglande lønsemd, slik departementet ser det. Dette inneber likevel ikkje at departementet er avvisande til å innføre nye tiltak for å leggje til rette for meir fiske etter reker, så lenge det ikkje fører med seg større ulemper, men effektane på kort sikt vil truleg vere avgrensa.

Etter vår vurdering er dei mest aktuelle tiltaka for å auke fisket etter reker tilbaketrekking av passive løyve eller opning for fleire aktørar.

Det er ein viss motsetnad mellom desse tiltaka. Dersom ein opnar rekefisket for alle interesserte, gjev det ikkje utan vidare meining samstundes å tvinge aktørane til aktivitet gjennom tilbaketrekkingssreglar. Så lenge fisket er ope, vil ein ha vanskar med å nekte reiarlaga å starte opp igjen etter tilbaketrekking av løyve.

Tilbaketrekking av passive rekefrålløyve

Deltakarlova opnar i dag ikkje for at ein kan stille krav om eit visst kvantum rekefangst for å unngå tilbaketrekking av rekefrålløyve, utan ved nytildeling osv. I praksis vil det derfor vere vanskeleg å stille eit kvantumskrav for rekefrålløyve som alt er tildelte.

Det er likevel mogleg å trekkje tilbake løyve som har vore passive i heile perioden som er fastsett i løyveforskrifta § 9-1. Lengda på denne perioden kan endrast gjennom forskrift, til dømes kan ein redusere perioden til eitt år.

Ein fordel med å praktisere ei slik tilbaketrekkingssordning er at ein i praksis tvingar dei fleste reiarlaga til å fiske reker minst ein gong i løpet av den aktuelle perioden. Dette vil leggje til rette for meir råstoff til rekeindustrien, men vil likevel ha avgrensa verknad så lenge ein ikkje kan stille kvantumskrav.

På generelt grunnlag er vi skeptiske til å nytte tilbaketrekking som tiltak mot passive rekefrålløyve, da dette vil kunne bidra til lægre lønsemd hjå reiarlaga. Eit slikt tiltak bør ein nytte med varsemd, særleg når det er usikkert om tiltaket vil ha positiv effekt. Fleire av reiarlaga har investert økonomisk i rekefrålløyve, og ein må derfor kunne leggje til grunn at dei har interesse av å nytte løyva på lønsam vis.

Opning for fleire deltakarar i fisket etter reker i Barentshavet

Det er i dag eit krav om rekefrålløyve for å drive fiske etter reker i Barentshavet for fartøy over 19,81 meter. Dette inneber i praksis at nye aktørar som vil drive fiske utanfor fjordane og dei heilt kystnære områda må investere i eit rekefrålløyve. Departementet meiner det er god grunn til å stille spørsmål ved om ein slik økonomisk barriere for nye aktørar er formålstenleg, når lønsemd er den store utfordringa.

Det kan derfor vere grunn til å vurdere å opne opp for fleire deltakarar som fyller dei vanlege krava i deltakarlova til eigarskap. Dette vil kunne gjere det enklare for nye aktørar å starte opp. Departementet ser for seg minst tre måtar å gjere dette på:

1. heve lengdegrensa for krav om løyve
2. oppheve lengdegrensa og dermed kravet om løyve
3. oppheve lengdegrensa og kravet om løyve og i tillegg gjere ei samla tilbaketrekking av alle rekefrålløyve i samsvar med deltakarlova § 19.

Alternativ 1: Heve lengdegrensa for krav om løyve

Den mest varsame måten å opne opp for fleire nye deltakar vil vere å heve lengdegrensa for løyvepliktige fartøy frå 19,81 meter, til dømes til 40 eller 60 meter. Dette vil kunne opne opp

for at mindre havgåande fartøy kan etablere seg utan at reiarlaga treng å investere i nytt rekestrålløyve.

I ljøs av dette kan det vere naturleg å sjå på fordelinga av rekestrålløyve og fangst dei siste tre åra, på høvesvis fartøy under 40 meter, mellom 40 og 60 meter, og 60 meter og over, jf. to tabellar nedanfor. I tillegg har utanlandske fartøy fiska mellom 8000 og 9000 tonn årleg i norsk jurisdiksjonsområde dei tre siste åra, særleg i Svalbard-sona.

Tal på fartøy med rekestrålløyve pr. 28.11.2017

Fylke	Lengdegruppe			Totalt
	1. < 40 m	2. 40-59,9 m	3. 60 m og over	
Finnmark		2	4	6
Troms	2	5	1	8
Nordland	4	2	5	11
Møre og Romsdal	2	2	11	15
Hordaland		1	6	7
Rogaland		1		1
Totalt	8	13	27	48

Historisk fangst i tonn frå fartøy med gyldig rekestrålløyve pr. 28.11.2017 (all fangst som er registrert på skroget)

Fangstår	Fartøyfylke	1. Under 40 m	2. 40-50,9 m	3. 60 m og over	Totalsum
2015	Finnmark		831	3 401	4 232
	Troms	0	793		793
	Nordland	1	1 068	2 468	3 537
	Møre og Romsdal	21	1	2 379	2 401
	Rogaland		0		0
Årstotal		23	2 693	8 248	10 963
2016	Finnmark		785	1 404	2 189
	Troms		1 175		1 175
	Nordland		477	1 222	1 699
	Møre og Romsdal	81		2 044	2 124
	Hordaland		37	0	37
Årstotal		81	2 474	4 669	7 224
2017	Finnmark		0	2 441	2 441
	Nordland			1 222	1 222
	Møre og Romsdal	176	0	1 312	1 488
	Hordaland		390		390
	Rogaland		0		0
Årstotal		176	391	4 975	5 542

Det går fram av tabellen at fartøya under 40 meter spelar ei relativt liten rolle både i tal på fartøy og fangstmengd. Ein kan derfor stille spørsmål om ei heving til berre 40 meter vil ha nokon verdi.

Det går vidare fram av tabellen at fartøya mellom 40 og 60 meter spelar ei monaleg større rolle både i tal på fartøy og fangstmengd, men at gruppa over 60 meter er den viktigaste.

Departementet meiner at lengdegrensa bør hevast til minst 60 meter om det skal ha nokon særleg effekt for fisket i til dømes Svalbard-sona.

Alternativ 2: Oppheve lengdegrensa og dermed kravet om løyve

Ei oppheving av lengdegrensa vil medføre at ein ikkje lenger stiller krav om rekestrålløyve for å fiske reker med trål og inneber at rekefisket vert opna for alle uavhengig av storleiken på fartøyet. Dette alternativet inneber at det vert fritt fram for aktørar med store fartøy å etablere seg i fisket etter reker, noko som vil opne for monaleg meir fangst.

Ei utfordring med dette alternativet er at det vil leggje til rette for ei oppbygging av den havgåande kapasiteten i den norske fiskeflåten. Dette vil kunne føre med seg press på andre artar, særleg dersom ein ikkje oppnår lønsemd i fisket etter reker. Det vil vere naturleg å vurdere å stille som eit absolutt vilkår for deltaking at fartøyet ikkje kan etablere seg i andre fiskeri med mindre fartøyet var tildelt eit rekestrålløyve da lengdegrensa vart oppheva.

Det vil i tilfelle kunne vere naturleg for departementet å gje uforpliktande signal om kva for reiarlag ein bør prioritere dersom det seinare igjen skulle verte aktuelt å lukke fiskeriet, til dømes dersom ein ser ein monaleg auke i deltakinga. Slik departementet ser det no, vil det vere aktuelt å prioritere aktørar som har investert i rekestrålløyve før lengdegrensa vart oppheva, og aktørar som har drive fiske etter reker i eit visst omfang i dei siste åra før den framtidige lukkinga.

Alternativ 3: Oppheve lengdegrensa og kravet om løyve og i tillegg gjere ei samla tilbaketrekking av alle rekestrålløyve i samsvar med deltakarlova § 19

Eit tredje alternativ vil vere å kombinere alternativ 2 med å trekkje tilbake alle rekestrålløyve i samsvar med deltakarlova § 19. Ei slik tilbaketrekking inneber at alle rekestrålløyve forsvinn uavhengig av om dei har vore passive eller aktive.

Alternativa 2 og 3 har mykje til felles, mellom anna at fisket etter reker i Barentshavet vert opna for alle. Den viktigaste skilnaden er at ordninga med rekestrålløyve forsvinn heilt i alternativ 3, slik at reiarlag som i dag har fartøy med rekestrålløyve ikkje utan vidare har nytte av dette dersom forvaltninga på eit seinare tidspunkt kjem til at ein igjen bør lukke fisket etter reker. Verdien av rekestrålløyvet vil i tilfelle kunne falle heilt bort, mens verdien i alternativ 2 kanskje berre vert redusert dersom reiarlaga har tru på at framtidig lønsemd vil føre med seg ei ny lukking. Alternativ 3 vil derfor kunne gje fleire reiarlag insitament til å drive fiske etter reker, fordi slik aktivitet truleg vil verte einaste kriterium ved eventuell framtidig lukking av fiske. Samtidig vil reiarlag som eig fartøy som er tildelt rekestrålløyve kunne argumentere for at dei har investert for å få tildelt eit rekestrålløyve, og at alternativ 3 vil innebere tap av heile investeringa.

Oppsummering

Departementet har lita tru på at regulatoriske tiltak aleine vil auke interessa for fiske etter reker med trål, og det er uheldig å tvinge reiarlag til ein aktivitet som ikkje er lønsam.

Samtidig er det slik at når tildelte reketråløyve over tid ikkje vert nytta i særleg grad, så fell grunngjevinga for gjeldande ordning med reketråløyve bort. Det er derfor naturleg å vurdere å oppheve slike reguleringar som ikkje har særleg funksjon og i tillegg hindrar nye aktørar å etablere seg i fisket.

Departementet vil derfor invitere høyringsinstansane til å uttale seg om dei alternative tiltaka som er skisserte i dette høyringsbrevet.

Med helsing

Vidar Landmark
ekspedisjonssjef

Christian Wormstrand
fung. avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Adresseliste

Det norske maskinistforbund	Postboks 2000 Vika	0125	OSLO
Fiskekjøpernes Forening	Strandveien 106	9006	TROMSØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Landsorganisasjonen i Norge	Youngsgt. 11	0181	OSLO
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Råfisklag	Postboks 6162 Langnes	9291	TROMSØ
Norsk nærings- og nyttelsesmiddelarbeiderforbund	Postboks 8719 Youngstorget	0028	OSLO
Norsk Sjømannsforbund	Postboks 2000 Vika	0125	OSLO
Norsk Sjøoffisersforbund	Postboks 2000 Vika	0125	OSLO
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	Postboks 639 Sentrum	7406	TRONDHEIM
Pelagisk Forening	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Regelrådet	Kartverksveien 21	3511	HØNEFOSS
Sametinget	Åvjovárgeaidnu 50	9730	KARASJOK
Sjømat Norge	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag SA	Postboks 408 Sentrum	6001	ÅLESUND